



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg 5557 2325

Malin Kjellstadli Johansen 5557 2780

## Høyring av frivillig skogvern på Djønno (Kaland) i Voss herad

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland sender vi ut framlegg om vern av Djønno naturreservat i Voss herad gjennom frivillig skogvern.

Framlegg vert gjort i dialog med grunneigarane og Framtre (tidlegare AT Skog). Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen etter naturmangfaldlova, og for å legge til rette for medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Det tilbydde område for frivillig skogvern utgjer tre delområde fordelt på eigedomane gards- og bruksnummer: 728/1, 728/2, 728/3, 728/4, 728/5, 728/6 728/8,10 og 728/13 i Voss herad. Totalt er området på 2 095 dekar, derav 1 931 dekar skog og 1 231 dekar produktiv skog.

Tilbodsområda er tredelt og er lokalisert ovanfor Kaland og Djønno i Voss herad. Tredelinga av området er lite gunstig med tanke på å ta vare på naturverdiane på lang sikt. Det er derfor ønskjeleg at fleire tilbyr areal for frivillig skogvern her slik at områda kan vere samanhengande.

Vernet vil sikra rik blandingsskog og gamal barskog i låglandet i indre delar av Hardanger, og bidra til å dekke nasjonale manglar i skogvernet i dag.

### Plan - og inngrepsstatus

I gjeldande kommuneplan i Voss herad kommune (av 11.10.2020) har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR). Store delar av området går inn i aktsemdssone for snøskred og steinsprang. Det er ingen kraftlinjemaster eller andre større tekniske inngrep innafør verneframlegget, og det er heller ikkje aktuelt for grunneigar å etablere småkraftverk. Enkelte granbestand som var inkludert i nedre delar av tilbodsarealet er grensa ut av dette verneframlegget.

### Verneverdiar i naturreservatet

I det aktuelle området for frivillig skogvern er det registrert ein lokalitet med rik blandingsskog i låglandet og ein lokalitet av gamalfuruskog (DN-handbok 13 kartleggingsmetode). Desse naturkvalitetane er også dokumenterte under kartlegging i samband med skogvernkvadreringane i samband med dette frivillige skogvernet.



På den eine lokaliteten er skogtypen registrert som utforminga boreonemoral blandingskog, og inneheld både gamal furuskog, ulike utformingar av rik edellauvskog og boreal lauvskog. Registrerte treslag i tillegg til furu er alm (sterkt truga/EN), ask (EN), bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, hengebjørk, krossved, lind, morell, osp, rogn, rognasal, selje og svartor. Mykje av arealet er tørkeutsett og nokså rik lågurtskog, med innslag av høgstaudar og store bregnar i tilknytning til bekkar eller sig. Her er likevel innslag av både blåbærskog og røsslyngskog. Nokre av dei gamle edellauvtrea og bjørketre er tidlegare styva og har holrom. Særleg viktig er naturkvalitetane knytt til store gamle lauvtre og liggande død ved som finst i ulike dimmenasjonar og nedbrytingsstadium.

Det meste av den andre lokaliteten er tørr, gammal furuskog. Grunna vokstervilkåra har trea her stadvis mindre dimensjonar i høve til alderen, sjølv om her også er store og grove tre. Her vart det gjort ein del funn av raudlistearten furustokkjuke (nær truga/NT) under skogvernkartlegginga. Dette er ein karakterart i naturskog med furu, der den har ein nøkkelfunksjon i økosystemet ved å danne holrote som gjev hule tre som mange andre artar, særleg insekt, er avhengige av. Det vart også registrert arten furuplett (NT) på død ved av furu. I eit mindre område på om lag 2,9 dekar vart det registrert brannspor på furu, her var det også godt innslag av dødved. Det er elles spreidd førekomst av store furulåg og dødved i området. Soppen bleik svovelriske (NT) vart registrert i 2006 og er ein av tre førekomstar i Vestland. Soppen er indikator for kalkskog. Elles finn ein skogutformingane fattig røsslyngskog, blåbær- og tytebærskog, mindre parti småbregne- og svakt utvikla lågurtskog i seinkingar. Treslag i tillegg til furu er bjørk, eik, hassel, hengebjørk, lind, osp, rogn, selje og svartor.

Gjennom skogvernkartlegginga er det kartfesta naturtypene frisk rik edellauvskog (NT), lågurtedellauvskog (sårbar/VU), kalk- og lågurtfuruskog (VU) som er nasjonalt raudlista (Norsk rødliste for naturtyper 2018).

Av raudlisteartar (Norsk rødliste for arter 2021) er følgjande registrert i tilbodsområdet: Ask (EN), alm (EN), gubbeskjegg (NT), furuplett (NT), furustokkjuke (NT), blek svovelriske (NT) skorpefiltlav (NT), kystdoggnål (NT), lind (NT) og bergperikum (NT).

Verneframlegget ligg berre drygt 700 meter aust for Åkre og Vikane naturreservat som vart etablert i 2016, og vil samla styrka ivaretaking av desse nasjonale naturverdiane.

### **Vernet vil dekke manglar i skogvernet**

Vern av områda vil bidra til å dekke manglar i skogvernet på gamal blandingslauvskog, gamal furuskog, alm-lindeskog/hasselkratt, ospedominert skog og lindeskog. Verneframlegget er innafor vegetasjonssonene: nemoral, boreonemoral og sørboreal.

### **Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland**

Det er eit nasjonalt mål å redusere tap av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre drygt 3,4 prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Frivillig skogvern har fått ei styrka økonomisk ramme i 2026 og ordninga vil vere viktig for å sikra viktig skognatur i åra som kjem.

Dette er eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ønskjer dette. Ved vernevedtak har grunneigarane akseptert det økonomiske tilbudet frå staten.

### **Kva betyr det at eit område vert verna?**

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som



kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt, fangst og fiske, og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær. Turstiar som er i området skal òg kunne haldast ved like, det vil også gjelde traktorveg som går gjennom området. Det vil òg framleis vere opent for beite, og høve for å vedlikehalde gjerde og utsetting av saltsteinar for å ha utmarksbeite.

### **Innspel til verneprosessen**

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet 23. februar 2026, og det har kome inn totalt sju innspel, alle frå offentlege instansar.

Statens vegvesen uttalar at det ikkje er riksveg, som dei forvaltar, i det aktuelle området. Men påpeikar at fylkesveg 5378 går nedanfor det føreslegne verneområdet, og at denne vegen går gjennom potensielt skredfarleg område. Det må difor takast med reglar i verneforskrifta som sikrar at den kan gjennomførast naudsynte sikringar mot skredfare dersom det skulle bli aktuelt.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek innspelet frå Statens vegvesen til orientering. Verneforskrifta vil ta høgde for at naudsynt arbeid med skredsikring vil vere mogeleg om aktuelt.

Vestland fylkeskommune uttalar seg i denne saka som deira rolle som kulturmiljøstyresmakt. Dei skriv at dei har liten kunnskap på kulturminneverdiar i dei føreslegne områda, og at det er denne kunnskapen er truleg underrepresentert i deira arkiv. Dei påpeikar vidare at når det ikkje er gjort kartlegging og omfanget av kulturminneverdiar er ukjent, er det viktig at verneforskrifta opnar for mogleg undersøking, vedlikehald og sikring av kulturminne, så lenge det er i tråd med sjølve verneformålet.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek innspelet frå Vestland fylkeskommune til orientering, og verneforskrifta vil innehalde slike dispensasjonsreglar.

Språkrådet har i sin uttale påpekt at det føreslege namnet Kaland ikkje er dekkande for heile verneområdet, då eit større areal av dei føreslegne områda har Djønno som gardsnamn og er bygdenamn. Dei tilråda difor at vi tek utgangspunktet namnet Djønno og då gir verneområdet namnet Djønno naturreservat.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek uttalen og framlegget til Språkrådet til etterretning og endrar namnet på det føreslegne verneområdet til Djønno naturreservat.

Landbruksdirektoratet har kome med generelle innspel til verneprosessen der dei ber om at det verte omtalt korleis området blir nytta til landbruksføremål. Og dersom det finst landbruksinteresser i området som det ikkje vert ivareteke i utkast til verneforskrift, så bør dette grunngjevast. Det gjeld blant anna skogsveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande/ bakanforliggjande areal, landbruksveg, støl/seterområde, beite og beiterettar. Vidare skriv Landbruksdirektoratet at skjema for avveging mellom vern og skogbruk burde vore lagt ved oppstartsmeldinga som eit vedlegg.



*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Det er registrert eit organisert beitelag (Granvin beitelag) innanfor verneframlegget. Det dekker heile det vestlege området og eit mindre areal (nord-austleg) av det midtarste området. Dette området er nytta til beiteområde for sau. Det vil være opning for beite i verneforskrifta og høve for å vedlikehalde gjerde og å setje opp nye gjerde etter søknad. Det er også opning for utsetting av saltsteinar i samband med utmarksbeite. Det går ein traktorveg gjennom delar av verneområdet på eigedom 728/6 og vidare til areal utafor verneområdet. Vi opnar for nødvendig motorferdsle på denne traktorvegen i samband med jordbruk - og skogbruksaktivitet.

Skjema for avvegning av vern og skogbruk blir lagt ved høyringa.

Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) har i sin uttale påpeika at det går ein 11 kV kraftleidning om lag 18 meter frå framlagd verneområde. De tilrår difor at Hordaland Kraftnett AS uttalar seg om det er behov for standardføresegner for energi- og kraftanlegg i verneforskrifta for å opne for motorferdsel eller arbeid i verneområdet i forbindelse med drift, oppgradering og fornying eller akutt utfall av kraftleidninga.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek uttalen til NVE til orientering. I følgje NVE Atlas så er det Hardanger Energi AS som har driftsansvaret som går om lag 18 meter frå framlagd verneområde. Vi ønskjer innspel frå Hardanger Energi AS om behov knytt til vedlikehald og drift av kraftleidninga, og legg difor Hardanger Energi AS til som høyringspart i dette brevet.

Statnett SF uttalar seg at området for frivillig vern av skog ikkje rører ved deira anlegg eller planar, og har difor ingen merknadar til etablering av Djønno naturreservat.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek uttalen til Statnett SF til orientering.

Luftfartstilsynet uttalar seg at dei førebels ikkje har nokon merknadar, men foreslår at Voss flyplass, Bømoen blir inkludert i lista over høyringsinstansar.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek innspelet til Luftfartstilsynet til orientering og legg til Voss flyplass, Bømoen, som høyringspart i dette brevet.

### **Lokalt forvaltingsansvar?**

Ved oppretting av nye naturreservat er det rutine å høyre om kommunane ønskjer lokalt ansvar for forvalting av naturreservata. Eit slikt ansvar vil i så fall også gjelde alle naturreservat i kommunen. Kravet er at kommunen har tilstrekkelege ressursar og kompetanse til å utføre ei slik oppgåve. Vi ønskjer attendemelding frå Voss herad om eit slikt lokalt forvaltar ansvar er ønskjeleg.

### **Innspel og vidare framdrift**

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og bilete frå områda finn du på nettstaden vår <http://www.statsforvaltaren.no/vestland> under sida «Høyringar». Her kan du også sende inn innspel.



Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no). Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

**Frist for å kome med innspel er 5. november**

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Verneforskrift
- 2 Avvegning mot skogindustri
- 3 Vernekart

**Mottakarliste:**

|                                                                   |                                                   |      |            |
|-------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------|------|------------|
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet                          | Postboks 8112 Dep                                 | 0032 | OSLO       |
| Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE                       | Postboks 5091 Majorstua                           | 0301 | OSLO       |
| Landbruksdirektoratet                                             | Postboks 56                                       | 7701 | STEINKJER  |
| Vest politidistrikt                                               | Postboks 85                                       | 6901 | FLORØ      |
| Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard | Postboks 3021 Lade                                | 7441 | TRONDHEIM  |
| Vestland fylkeskommune                                            | Postboks 7900                                     | 5020 | BERGEN     |
| Luftfartstilsynet                                                 | Postboks 243                                      | 8001 | BODØ       |
| Forsvarsbygg                                                      | Postboks 405 Sentrum                              | 0103 | OSLO       |
| Avinor                                                            | Postboks 150                                      | 2061 | GARDERMOEN |
| NTNU                                                              | Postboks 8905                                     | 7491 | TRONDHEIM  |
| Høgskulen på Vestlandet                                           | Postboks 7030                                     | 5020 | BERGEN     |
| Norsk institutt for bioøkonomi                                    | Postboks 115                                      | 1431 | ÅS         |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag       | Tverrgt. 4/6                                      | 5017 | BERGEN     |
| Det norske skogselskap                                            |                                                   |      |            |
| Den Norske Turistforening                                         | Youngstorget 1                                    | 0181 | OSLO       |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane                 | Sognefjordvegen 40                                | 6863 | LEIKANGER  |
| Fortidsminneforeningen                                            | Dronningens gate 11                               | 0152 | OSLO       |
| Friluftslivets Fellesorganisasjon                                 | Nedre Slottsgate 25                               | 0157 | OSLO       |
| Friluftsrådernes Landsforbund                                     | Gamle Drammensvei 203                             | 1337 | SANDVIKA   |
| Havforskningsinstituttet                                          | Postboks 1870 Nordnes                             | 5817 | BERGEN     |
| Norsk institutt for naturforskning                                | Postboks 5685 Torgarden                           | 7485 | TRONDHEIM  |
| KS - Kommunesektorens organisasjon                                | Postboks 1378 Vika                                | 0114 | OSLO       |
| Natur og ungdom                                                   | Postboks 4783 Sofienberg                          | 0506 | OSLO       |
| NHO Reiseliv                                                      | Postboks 5465 Majorstuen                          | 0305 | OSLO       |
| Norges Bondelag                                                   | Postboks 9354 Grønland                            | 0135 | OSLO       |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund                                    | Postboks 94                                       | 1378 | NESBRU     |
| Norges Geologiske Undersøkelse                                    | Postboks 6315 Torgarden                           | 7491 | TRONDHEIM  |
| Norges Handikapforbund                                            | Postboks 9217 Grønland                            | 0134 | OSLO       |
| Norges Miljøvernforbund                                           | Postboks 539                                      | 5806 | BERGEN     |
| Norges Naturvernforbund                                           | Miljøhuset, Marieboesgate 8                       | 0183 | OSLO       |
| Norges Orienteringsforbund                                        | Postboks 5000                                     | 0840 | OSLO       |
| Norges Skogeierforbund                                            | Postboks 1438 Vika                                | 0115 | OSLO       |
| Norsk Biologforening                                              | Postboks 1066 Blindern                            | 0316 | OSLO       |
| Norsk Bergindustri                                                | Postboks 7072 Majorstuen                          | 0306 | OSLO       |
| Norsk Bonde- og Småbrukarlag                                      | Akersgata 41                                      | 0158 | OSLO       |
| Norsk Botanisk Forening                                           | c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO       |
| Norsk Industri                                                    | Postboks 7072 Majorstuen                          | 0306 | OSLO       |
| Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS                        | Postboks 7079 St. Olavs plass                     | 0130 | OSLO       |
| Norsk Ornitologisk Forening                                       | Sandgata 30 B                                     | 7012 | TRONDHEIM  |
| Norsk Sau og Geit                                                 | Postboks 104                                      | 1431 | ÅS         |
| Norskog                                                           | Postboks 123 Lilleaker                            | 0216 | OSLO       |
| Norsk Zoologisk Forening                                          | Boks 102 Blindern                                 | 0314 | OSLO       |



|                                                      |                               |      |           |
|------------------------------------------------------|-------------------------------|------|-----------|
| Sabima                                               | Mariboes gate 8               | 0183 | OSLO      |
| Statens Kartverk                                     | Postboks 600 Sentrum          | 3507 | HØNEFOSS  |
| Statkraft SF                                         | Postboks 200 Lilleaker        | 0216 | OSLO      |
| Statnett SF                                          | Postboks 4904 Nydalen         | 0423 | OSLO      |
| Technogarden                                         | Vestfjordgaten 4              | 1338 | SANDVIKA  |
| Universitetet i Bergen                               | Postboks 7800                 | 5020 | BERGEN    |
| Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet | Postboks 6050 Langnes         | 9037 | TROMSØ    |
| WWF Verdens naturfond                                | postboks 6784 St. Olavs Plass | 0130 | OSLO      |
| Naturhistorisk museum                                | Postboks 1172 Blindern        | 0318 | OSLO      |
| Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet       | Postboks 5003                 | 1432 | ÅS        |
| Vegdirektoratet                                      | Boks 8142 Dep.                | 0033 | OSLO      |
| Stadnamntenesta på Vestlandet                        | Postboks 7805                 | 5020 | BERGEN    |
| INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS                         | Postboks 33                   | 5782 | KINSARVIK |
| VOSS HERAD                                           | Postboks 145                  | 5701 | VOSS      |
| HARDANGER ENERGI AS                                  | Postboks 33                   | 5782 | KINSARVIK |